

Retningslinjer for Næringsfondet i Lindås kommune

Vedtatt i kommunestyret 9 mars 2016

Innhald:

1. Føremål
2. Målsetting
3. Støtnadsform
4. Prioriteringar
5. Tildeling
6. Tilføring av kapital og størrelse på fond
7. Aksjeteikning
8. Støtnadsvilkår
9. Sakshandsaming

1) Føremål:

Næringsfondet i Lindås kommune skal vere eit verkemiddel for å:

- Fremje, styrke og profilere næringsliv og sysselsetting i kommunen, ref punkt 3a (bedriftsretta verkemiddel)
- Styrke og fremje kommunen sitt arbeid med næringsutvikling, ref punkt 3b (kommunale tiltak, som og opnar for omsøking frå andre aktørar)

2) Målsetting:

- Skape fleire nye bedrifter og arbeidsplassar, samt vidareutvikle eksisterande bedrifter i kommunen
- Utvikle Lindås kommune til ein attraktiv næringskommune
- Få til eit enno betre samarbeid mellom kommune, næringsliv og andre næringsaktørar

3) Prioriteringar

Fondet skal nyttast i samsvar med prioriteringar gjevne i overordna planar samt eventuelle fagplanar. Andre næringsplanar på høgare nivå, som er godkjent i Lindås kommune, vil og vere relevante i vurderingane.

Næringsfondet skal primært støtte tiltak innan 3a) og 3b):

3a) Støtte til bedriftsutvikling/etablering

- Uviklingstiltak i nye/eksisterande bedrifter som kan føra til økt sysselsetting
- Flytte- og omlokaliseringstilskot (for verksemder som etablerar seg i kommunen)
- Prosjekt med klar samfunnsnyttig relevans og aktualitet

Det vert lagt opp til to tildelingar i året, med søknadsfrist 1. mars og 1. oktober. Det er formannskapet, som fondsstyre, som fattar endeleg vedtak om tideling av midlar over 50.000kr.

Støtte under 50.000kr kan avgjerast av administrasjonen i kommunen. Dei administrative vedtaka skal leggjast fram for formannskapet.

I. Stønadsvilkår

Det skal berre gjevast støtte i form av tilskot (ikkje lån). Det blir primært berre gjeve tilskot til utviklingsprosjekt, men i særlege tilfelle kan driftsstøtte innvilgast. Kostnadsaktivitetane skal bere preg av utviklingsaktivitet, t.d. vert ikkje interne kostnadar til løn/eiginnsats godkjend normalt godkjend.

Tilskot frå næringsfondet kan maksimalt utgjera 50% av godkjende kostnadar. Verksemda må sjølv finansiera dei siste 50%, det kan vera både i form av eigeninnsats og kontantbidrag. Eigeninnsats vert normalt sett rekna etter 1 promille av nominell årslønn.

50% av midlane kan utbetalast ved prosjektstart, resterande 50% vert utbetalt ved prosjektslutt. For å få utbetalt dei siste 50%, skal verksemda ha levert sluttrapport og denne skal vere godkjent før midlane vert utbetalt. Unntak kan forekomma, og i desse tilfella vert det då krevd dokumentasjon på at investeringar på det gitte tidspunktet, er i samsvar med omsøkt prosjekt og søkjar må elles søkjar inn ein halvvegsrapport, i tillegg til ein vanleg sluttrapport etter fullført prosjekt. Er det vesentlege eller urimelege kostnadsavvik mellom innhaldet i halvvegsrapportering og sluttrapportering, kan deler av støtta krevast tilbakebetalt.

Bedrifter som mottok offentleg støtte pliktar å opplyse om kor mykje som er mottoke dei siste 3 åra og i tillegg opplyse om eventuelle andre offentlege instansar som det søkaste tilskot frå i eit og same prosjekt. Samla offentleg støtte skal ikkje overskrida prosentvis maksimalsats for næringsfondet.

Kostnadar som er datert før søknad fremmast kan ikkje inkluderast i grunnlaget for utmåling av støtte.

II. Kapitalgrenser

Det vert satt eit øvre tak på bidrag frå næringsfondet på 250.000kr. Fondsstyret kan i særskilte høve vedta høgare prosjektstøtte.

III. Vurderingskriterier

Ved vurdering av søknaden skal det utøvast eit skjønns der følgjande skal vektleggjast positivt:

- Gjennomføringsevne
- Prosjektet sitt sysselsetjingsbidrag
- Marknadsvurdering
- Konkurransesyn
- Innovasjon-, produkt- og teknologiutvikling
- Etablering av hovudkontorfunksjon
- Prosjekt med klar samfunnsnyttig relevans og aktualitet
- Kompetanseheving
- Marknadsføring/profilering

- Samarbeidstiltak i form av forpliktande verksemd-verksemd samarbeid, verksemd-kunnskapsmiljø samarbeid etc.

IV. Formalkrav

Søknaden skal leverast inn elektronisk og fyllast inn etter det ein kvar tid gjeldande formatet. Normalt sett er all søknadsinformasjon offentleg post, men søkjar kan be om konfidensiell handsaming grunna forretningshemmeligheter. Det er søkjar sitt ansvar å eksplisitt be om eit slikt unntak. Søkjar skal vidare dokumentere, i søknaden eller som eit vedlegg til søknaden, at bedriften har økonomisk evne til å gjennomføra prosjektet.

Støtte vert gitt til verksemdar som har kontor- og postadresse i Lindås kommune. Det kan unntaksvis vurderast å gje støtte til verksemdar utanfor kommunen, som har prosjektaktivitet i Lindås kommune, då vert det i tilfelle forventa at mest mogleg av midlane vert nytta lokalt i kommunen.

Søknad levert inn etter søknadsfrist vert ikkje handsama.

V. Sluttutbetaling

For å få utbetalt dei siste 50% av støtta, skal ein sluttrapport vera innsendt og godkjend før midlane vert utbetalt. Sjå elles unntak i punkt I. For prosjekt som får støtte under 50.000kr er det tilstrekkeleg at kommunen mottok kopi av billaga før sluttutbetaling kan skje.

I større prosjekt vert det krevd attestert prosjektrekneskap frå rekneskapsførar/revisor. I prosjekt der det er vesentlege kostnadavvik mellom innsendt søknad og prosjektrekneskap, kan etter nærare vurdering tildelt støtte holdast tilbake og/eller krevjast tilbakebetalt.

VI. Forhold til internasjonale forpliktingar på statsstøtteområdet

Bruken på næringsfondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverka Norge har slutta seg til på statsstøtteområdet. Stønad frå næringsfondet og anna offentleg støtte må, for kvar einskild bedrift, samla ikkje overskrida maksimalgrensa for «bagatellmessig støtte» etter EØS-regelverket (maksimalgrensa vert fastsett av EU-kommisjonen og er på tidspunktet 200.000 Euro over ein periode på 3 år).

VII. Marknadsføring

Får prosjektet støtte frå næringsfondet krev Lindås kommune at det vert opplyst at verksemda/prosjektet har fått støtte frå næringsfondet til Lindås kommune.

3b) Støtte til kommunen sitt eget arbeid med næringsutvikling

- Prioriterte prosjekt/satsingar i overordna planar og/eller relevante fagplanar
- Marknadsføring av Lindås kommune
- Regionalt samarbeid
- Kjøp av aksjar og andelar
- Styrking av kommunen si vertskapsrolle overfor næringslivet/kommunalt tiltaksarbeid (t.d. næringsplanlegging, etablerarprosjekt, samarbeid skule/næringsliv m.m.)
- Undersøkingar og utredningar

- Kompetansefremjande tiltak

VIII. Vilkår

I desse prosjekta skal Lindås kommune stå som prosjekteigar/prosjektansvarleg. Det kan vere aktuelt å leiga inn eksternt prosjektleiing. Alle anskaffingar må forholde seg til kommunen sitt innkjøpsreglement og lov om offentlige anskaffingar.

Det vert ført ein kontinuerlig oversikt over til einkvar tid gjeldande prosjektportefølje. Alle nye prosjekt skal til formannskapet for råd og/eller beslutning.

Fondet kan nyttast til teikning av lutar/aksjar i næringsverksemdar eller organisasjonar i kommunen. Når det gjeld kjøp av aksjar og lut skal det eventuelt til handsaming i kommunestyret. Her kan ein vurdere lån som vert konvertert til eigenkapital.

Det er ikkje faste tildelingar og søknadsfristar for 3b).

Rein bedriftsstøtte høyrer heime i 3a).

4) Tilføring av kapital og størrelse på fond

Fondet bør tilførast nye midlar kvart år, storleik blir vedtatt i samband med budsjettarbeid. Eventuelle renter og anna avkastning skal tilbakeførast til fondet, det same gjeld salssum av eventuelle aksjar.